

Stord kommune

# Strategi for brukarmedverknad planlegging og utvikling av teneste og tiltak i Stord kommune

Fagavdeling næring, miljø og kultur  
08.07.2019

# STRATEGI FOR BRUKARMEDVERKNAD I PLANLEGGING OG UTVIKLING AV TENESTER OG TILTAK I STORD KOMMUNE

## Formål

Strategi for brukarmedverknad skal leggje til rette for brei og likeverdig samhandling mellom innbyggjarar og tenesteapparatet med mål om betre kvalitet på kommunale tenester/tilbod og at kommunen utviklar seg i tråd med innbyggjarane sine ønskjer og behov.

## Forankring av strategien i kommunen sine styringsverktøy

Strategien blir integrert i kommunen sitt internkontrollsystem. Strategien skal følgjast opp i einingane sine handlingsplanar, og ev. økonomiske konsekvensar skal innarbeidast i budsjetta. Brukarmedverknad skal omtalast i årsmeldinga til kommunen.

## Grunnleggande prinsipp for brukarmedverknad i Stord kommune:

- Brukarmedverknad er naudsynt for å sikre gode og likeverdige tenester til alle innbyggjarar
- Brukarane sin erfaringskompetanse er likeverdig med fagleg og administrativ kompetanse og er relevant på alle nivå i den kommunale verksemda
- Alle som deltar i kommunale prosessar skal ha mest mulig likeverdige tilhøve for deltaking
- Brukarane sine synspunkt skal vektleggjast ved utforming av tenestetilbodet og komme tydeleg fram i rapportering og saksframstillingar.
- Brukarmedverknad skal ivareta eit heilskapleg brukarperspektiv med særleg vekt på sårbare grupper
- Prosessar med brukarmedverknad skal alltid ha mål om betre kvalitet på tenester og /eller betre kvardag for brukargruppa.

## Systematiske tiltak:

### 1. Brukarundersøkingar:

- Kommunen gjennomfører brukarundersøking for dei tenestene som er omfatta av verktøya til bedrekommune.no og utdanningsdirektoratet (barnehage og skule) minimum kvart 4. år (partalsår).
- Kommunen gjennomfører innbyggjarundersøking kvart 4. år (innbyggjarundersøking er retta mot alle innbyggjarar, og undersøker m.a. korleis innbyggjarane opplever lokalsamfunnet sitt). Innbyggjarundersøkinga inngår i rullering av oversiktsdokument for folkehelse, og blir gjennomført i forkant av kommunevalet.
- Skulane, barnehagane og NAV gjennomfører sine brukarundersøkingar årleg som før.
- Alle brukarundersøkingar skal leggjast til rette slik at flest mulig har høve til å delta. Utsette grupper skal ha særleg merksemd.
- Resultat frå undersøkingane blir gjort offentleg på kommunen/eininga si nettside, går som referatsak til ansvarleg politisk organ, og inngår i oversiktsdokument for folkehelse der det er relevant.
- Rådmannen har ansvar for å følgje opp resultat frå undersøkingane. Funn som peikar seg ut i særleg negativ eller positiv retning bør følgjast opp med meir djuptgåande undersøkingar tilpassa det aktuelle fokusområdet.

### 2. Brukarutval:

Følgjande representative utval er fast dialogpartner og høyringsinstans der det er relevant i utvikling av kommunale tenester:

<b>Politiske utval</b>	<b>Oppfølging/kontakt</b>	<b>Merknad</b>
Eldreråd	Fellestenester	Lovpålagt. Er etablert
Råd for funksjonshemma	Fellestenester	Lovpålagt. Er etablert
Ungdomsråd	Fagavdeling OUT	Er etablert
Kontaktutval for innvandrarak	Fagavdeling RHO	Er etablert
<b>Andre kommunale utval</b>		
Brukar/pårørandeutval RHO-feltet	Fagavdeling RHO	Nytt
Kommunalt foreldreutval skule	Fagavdeling OUT	Er etablert
Brukarutval barneverntenester	Fagavdeling OUT	Nytt
Barnerepresentant	Fagavdeling NMK	Er etablert
<b>Utval i frivillig/privat sektor</b>		
Foreldreutval barnehage (FUB)	Fagavdeling OUT	Er etablert
Idrettsråd	Fagavdeling NMK	Er etablert
Musikkråd	Fagavdeling NMK	Er etablert

Dei politiske utvala og barnerepresentanten sine retningsliner vil gjelda som før.

#### Retningsliner for andre kommunale utval/råd:

Utvala blir oppnemnt og får mandat av rådmannen. Dei vel sjølv leiar og nestleiar. Representantar til utvala skal rekrutterast frå lokale organisasjonar der desse finns, ev. veljast i opne samlingar/forum for aktuell innbyggjargruppe. Det skal leggjast vekt på mangfald m.o.t. alder, kjønn, kultur og anna, slik at utvalet i størst mulig grad representerer heile breidda innan si gruppe. Kommunen syt for sekretærtjenester. Utvalet lagar årlege møteplanar. I tillegg til kommunale brukarutval kan rådmannen etablere lokale brukarutval. Skule, kulturskule og barnehage har krav om lokale elev – og foreldreutval. Andre tenester etablerer utval etter behov.

#### Gjeld alle utval:

Utvala skal inviterast til å delta/ uttale seg i utviklingsprosjekt og saks-/planprosessar som er relevante.

#### Brukarbank – Rehabilitering, helse og omsorg:

Det vert etablert ei liste over representantar frå brukarorganisasjonar og andre som kan representere ulike brukargrupper. Organisasjonane har ansvar for å nemne opp personar til lista, og halde lista oppdatert. Viktig med brei representasjon utan at banken blir for stor.

### 3. Representativ medverknad i prosjekt og utviklingsarbeid:

Prosjekt og utviklingsarbeid som har konsekvensar for innbyggjarane skal leggje til rette for brukarmedverknad med likeverdig deltaking. Prosjektansvarleg har ansvar for oppnemning av brukarrepresentant(ar) etter følgjande retningsliner:

- Oppnemning av fleire brukarrepresentantar kan vurderast når det synes naudsynt for å ivareta breidde og likeverdig deltaking
- Representantane vert om mulig rekruttert frå utval/råd/organisasjonar eller brukarbank
- Representantane får informasjon om rammer og forventningar for oppdraget
- Representantane deltek frå starten av prosjekt-/utviklingsarbeidet

Prosjektleiar har ansvar for å legge til rette for likeverdig deltaking m.a. ved møtetidspunkt, lokale, språk, m.m.

Val av andre former for involvering kan skje dersom:

- Det er i samsvar med synet til målgruppa sitt representative utval

- Brukarrepresentasjon i prosjekt-/styringsgruppe er vanskeleg å løyse praktisk eller særleg ressurskrevjande
- Det ikkje lukkast å finne eigna personar som har høve til å delta i prosjekt-/styringsgruppe
- Som tillegg ved større utviklingsarbeid der det er tenleg med ulike former for medverknad for å sikre brei involvering

Andre former for involvering kan vere:

- Førespurnad om innspel til etablerte utval/forum/organisasjonar
- Etablering av ressursgruppe/utval/panel som gir råd og innspel til prosessen eller utfører oppgåver i tråd med særskilt mandat
- Opne møter/arrangement for dialog og innspel
- Open invitasjon til innspel gjennom media/nettside



*Folkehelseforum*

#### 4. Forum for dialog

- Folkehelseforum: Kommunen arrangerer to folkehelseforum årleg. Foruma skal vere arena for medverknad, med vekt på dialog og deltaking. Både innbyggjarar og tilsette kan foreslå tema for foruma. Folkehelserådet har ansvar for organisering og gjennomføring. Det skal vere fritt tilgjenge og tilrettelagt for alle. Politisk og administrativ leing og ansvarlege for aktuelle tenesteområde skal vere representerte i foruma.
- Dialogmøte: Årleg møte mellom politisk komité og representantar frå brukarutval/bukarråd:  
 Ansvarleg komité for rehabilitering, helse og omsorg: Brukarutval RHO og Kontaktutval for innvandrarar.  
 Ansvarleg komité for oppvekst og kultur: Foreldreutval barnehage, kommunalt foreldreutval skule, brukarutval barnevern, musikkrådet og idrettsrådet.

Rådmannen har møte og talerett. Tema for dialog blir bestemt av administrasjonen i samråd med utvala.

- c. Samarbeidsmøte med idretten: 2 møte årleg mellom idrettsrådet, dei største idrettslaga, handballfestivalen og rådmannen
- d. Dialog og innspelsforum i samband med planarbeid: Det skal leggjast til rette for brei innbyggjarinvolvering i tråd med føresegner i gjeldande kommuneplan. Etablering av nettbasert verktøy for innbyggjardialog skal vurderast

#### 5. Rutinar for oppfølging av innspel

Brukarutval skal ha klare kommunikasjonsliner. Innspel frå brukarar skal handsamast på same måte som frå andre aktørar, og vere synlege i vidare saksgang. Det skal lagast system for å formidle og følge opp innspel som kjem utanom pågåande prosessar.

#### 6. Opplæring

##### a. Opplæring tilsette:

Rådmannen har ansvar for at strategien vert gjort kjent i organisasjonen. Leiarar og prosjektleiarar skal ha oppdatert kunnskap om brukarmedverknad, og det skal leggjast til rette for deling av erfaring på tvers av einingane Det blir utarbeidd ei rettleiing til prosjektleiarar og sakshandsamarar.

Tilsette i skular og barnehagar har tilgang til verktøy som kan nyttast ved involvering av barn og unge.

##### b. Opplæring brukarrepresentantar:

Det vert arrangert ein årleg kurskveld for medlemmer av brukarutval, brukarråd og brukarbank.

Det vert utarbeidd eit informasjonsskriv til brukarrepresentantar i prosjektgrupper og liknande.

#### 7. Godtgjersle

Brukarrepresentantar oppnemnt av kommunen til kommunale brukarutval (ikkje lokale) og kommunale prosjekt får tilbod om møtegodtgjersle, dekking av reisekostnader og tapt arbeidsforteneste i tråd med kommunen sitt Reglement for godtgjersle til folkevalde i Stord kommune: <https://www.stord.kommune.no/politiske-reglement.428217.nn.html>

Brukarrepresentantar har ikkje krav på yting når dei

- informerer om eigen brukarorganisasjon
- deltek på seminar/møter utanom det som ligg i oppdraget
- utøvar ordinært likemannsarbeid

### **Revidering av strategien**

Strategien skal reviderast årleg.